

Årsmelding 2025

Sund sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn



Årsmelding frå Sund sokneråd



Arne Bakke
Soknerådsleiar

Soknerådet 2025:

Lars Arne Vik (sokneprest), Arne Bakke (leiar), Anne Grethe Hareide (nestleiar), Øygunn Skodvin Prestegård, Jan Tveit, Karen Helen Boga, Fredrik Andreas Mortensen.

Vara-medlemmer: Olaug Glesnes, Oddbjørg Norunn Heimark, Minda Valborg Olsen, Wenche Selstø, Berit Marie Nygård.

Rådet er samansett av seks faste medlemmer og tre varamedlemmer, samt at soknepresten har fast plass i soknerådet. Me har hatt sju møter og behandla 74 saker i 2025.

Saker som har vore oppe i 2025 er mellom anna oppgradering av lyd og video i kyrkjene. Her er me enno ikkje i mål, men på god veg.

Me har hatt fellesmøte med sokneteamet. I september-møtet kom kyrkjevevje og fellesrådsleiar på besøk. Der hadde me gode diskusjonar, og gjennomgang av fellesrådets strategiplan. Det er nyttig for alle partar at me kjem nærmare på kvarandre, og dermed lærer meir om dei ulike arbeidsområda som føregår.

Utvalg under soknerådet:

- Gudstenesteutvalet
- Utsmykkingsutvalg
- Diakoniutvalg
- Gravplasskomite

Ein frivillighetsplan er under planlegging. Dette for å få betre rammer rundt frivillig arbeid. Dei fleste utvala har fungert godt, og etter hensikta. Trusopplæringsutvalget har diverre enno ikkje kome igang med sitt arbeid av ulike årsakar. Diakoniutvalget fungerer framleis godt. Dei har jevnlege møter, og kjem med innspel til tiltak som dei ynskjer å fremja i soknerådet.

Gravplasskomiteen sin rapport vart sendt tvidare til administrasjonen på Straume. Dei tok kontakt, og hadde ei felles synfaring med oss hausten 2025. Arbeidet er no komen igang med søknader til høgare myndigheter om endringar på gravplassane. Eit strakstiltak vart å setje igang arbeidet med eit liten urnegrav-felt på Klokkarvik.

Gudstenesteutvalet arbeider saman med presten for å planlegge arrangement i kyrkjene. Dette fungerer også godt. Ei god støtte for presten i si planlegging.



Utsmykkingsutvalet er eit utval som saman presten tek opp spørsmål rundt interiøret i kyrkjene i soknet vårt. Dei har ujevne møter der diskuterer interiørendringar.

Det er fleire Bibel-grupper i soknet. Dei er litt sjølvgåande, og trivest med det. Dersom nokon ynskjer å delta i ei gruppe, kan dei ta kontakt med diakon eller presten.

Det daglege arbeidet i kyrkja vert utført av sokne-teamet. Som består av soknetimeiar, sokneprest, organist, kyrkjelydspedagog, diakon, kyrkjegardsarbeidar. Dei har javnlege møter.

I 2025 har arbeidslaget vore utan store endringar. Utpå året fekk me ny kyrkjelydspedagog. Beate Sørhus. Ho tok til i full stilling i mai. Dei gjorde framifrå innsats med ungdomane.

Som de har sett so er grasklypping no delvis sett bort til robotar. Dette som ein del av stramare økonomi. Resultatet har vore litt so som so, men det vil bli betre etter kvart.

Administrasjonen på Straume fekk redusert tilskot frå kommunen og måtte kutte i utgifter, med å redusere på stab, og på kontorlokaler. Dei får truleg redusert budsjettet sitt kraftig for dei neste åra også.

Julemesse i Sund og vårmarknad på Kausland har vorte ein lang og god tradisjon. I år etter år har eldsjelene bak desse arrangementa stått på og laga fine messer. Takk til alle som bidrar og som gav gevinstar, handlaga, eller kjøpte. Baking og strikking, handarbeid av ymse slag. Takk til hjelparane til førebuing og gjennomføring av festen; som stiller år etter år. Stor takk til dåke som møtte fram og kjøpte lodd og kaker og graut, og gjorde dette til ein fest. Takk til dåke som tok lodd i bøkene, men ikkje kunne koma på festen. Aller størst takk til komiteen. Det ligg månader med førebuing, administrering og arbeid i forkant av messene. Det vert på denne måten samla inn mykje midlar som går til menighetsarbeid av ymse slag.

Dei frivillige i soknet gjer ein stor og viktig jobb. Klockarteneste, Forsangarar, Tekstlesarar, kyrkjekaffivertar, kyrkjevertar, hjelparar på kor og myldredag, føremiddagstreff, dugnadsarbeidarar, og alle som deltek på innsamlingar til jul og vårmarknadane.

Aktivitetar utover gudstenestene:

- Føremiddagstreff
- Myldredag
- Strikkekafe / handarbeidsverkstad
- Barnekor
- Ungdomsklubb
- Eg vil også nemna speidararbeidet som aktiviserer mange unge.

Frammøte og oppslutning svingar litt frå år til år. Men utan tilbod, ingen frammøtte. Stor takk til alle frivillige som gjer stor innsats.

Det var ein fin fest for dei frivillige i kyrkjekjellaren i fjor, arrangert av soknetimeet. Ein fin fest som har vorte en fin tradisjon. Når det gjeld frivillige: Me treng fleire til å hjelpe til. Hermed ei oppmoding om å melde seg.

Vidare vil eg nemna at me gjerne støttar det gode arbeidet som vert gjort med og rundt den gamle kyrkjebåten frå Lerøy. Der var og nokre konfirmantar med og hjelpste til. Heile skrenten nedom Sund kyrkja har vorte fint pleia av lokal dugnadsgjeng.

I haust kom arbeidet med å lage leikekyrkje til. Sotra vidaregåande skule har hatt ein avgangsklasse i arbeid med dette. Meininga med dette er å skape ein ny leikeplass for barn slik at dei får nye band til kyrkja. Og i byggeperioden at me kan skape eit dugnadsarbeid som kan samle ei gruppe til felles innsats. Når denne «kopien-modellen» av gamle Sund kyrkje står ferdig vil den bli brukt i jubileumsåret 2027. 700 år sidan første skriftlege kjelder om kyrkje i Sund, og 30-årsjubileum for "nye" kyrkja.



ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Lars Arne Vik
Sokneprest

Det er framleis flott å vera sokneprest i Sund sokn!

Soknepresten set opp gudstenestelistene som soknerådet vedtek, etter biskopen si forordning. Prosti-prestane Kjell-Asle Børnes og Ole Kristian Hamre har vore vikar når underteikna har hatt frihelger og ved gudstenestene i konfirmasjonstida.

Det er om lag gudsteneste annakvar søndag i kvar kyrkje. Konfirmanter vert presenterte i kvar kyrkje, alt anna som vert utdelt og markert i gudstenesta, skjer i ei av kyrkjene.

Mange frivillige medarbeidarar stiller opp og tek ansvar i samband med gudstenestefeiringa. God og heimelaga kyrkjeaffi dreg, det er kjekt å ha høve til å slå av ein prat etter sjølve gudstenesta. Det er framleis ei utfordring er å involvera nye grupper i gudstenestene, slik at fleire kan få eigarskap og kjenna glede i å ta del. Også dette året har det vore jubileum både for femtiårs-, seksti- og syttiårs-konfirmanter.

Heller ikkje dette året har det vore kontakt med BCC og DELK, dei to kyrkjelydane som samlast jamleg i eigne bygg i vår del av Øygarden kommune. Sund

sokn var med på felleskristen gudsteneste i Fjell kyrkje med andre sokn og andre kristne kyrkjesamfunn på såmannssøndagen.

Det er framleis godt å vera sokneprest i Sund sokn. Her er tilsette som verkeleg vil noko. Her er tillitsvalde som er dedikerte for oppgåvene. Her er frivillige som glade brettar opp armane og tek i eit tak, når det er nødvendig.

Sund sokn er eitt av fem sokn i fellesrådsområde til Øygarden kyrkjelege fellesråd. Det er nødvendig å tenkja gjennom kva Sund sokn gjer i Sund sokn for dei som bur i Sund sokn, og kva Sund sokn gjer saman med andre sokn for dei i Sund sokn og dei som høyrer til andre sokn på alle område av det me som kristen kyrkje gjer. Noko vert best ved at me gjer det åleine, anna vert betre av me gjer det saman.

Som sokneprest møter eg menneske i glede og sorg, i kvardagar og i kriser, når dei er i sine første leveår og når dei er i sine siste. Det er ei glede å vera tilsett i Den norske kyrkja for å møte menneska der dei er og dela evangeliet om vår Herre Jesus Kristus med dei som vil høyra.

Og så gler me oss til 2027, då me skal feira at det har vore kristen kyrkje i Sund sokn i sju hundre år!



Statistikk




Pr. 31.12.2025 er det **5114** medlemmer i Sund sokn.

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT


Antal gudstenester under årstal




ANTAL
DØYPTE



ANTAL
KONFIRMERTE



ANTAL
GRAVFERDER



ANTAL
VIGDE



Årsmelding barn og unge



Beate Sørhus
Kyrkjelydspedagog

Trusopplæring

2025 har vore prega av utskifting av tilsette i trusopplæringa. Katrin Fischer slutta i stillinga i januar, Bodil Espedahl var inne som vikar i konfirmantarbeidet på våren, før det kom ny kyrkjelydspedagog, Beate Sørhus, i midten av mai. Eit viktig punkt denne hausten, har vore å lage lister med kontakinfo til dei

ulike årskulla. I medlemsregisteret har vi postadresser, men vi treng e-post og telefonnummer til foreldre for å kunne reklamere godt for tilboda vi har.

Konfirmant og ungdom

Våren 2025 var det 86 ungdommar som blei konfirmert i Sund sokn. Dette er 95% av medlemmene i kullet. Dei har hatt eit flott år, med undervisningssamlingar i kyrkja, ulike aktivitetsgrupper og deltaking på gudstenester. I januar var dei på konfirmantleir på Fjell-ly.

Hausten 2025 starta det opp eit nytt konfirmantkull. Nytt av året er at prostiprest Ole Kristian Hamre er med i konfirmantarbeidet, saman med kyrkjelydspedagog og organist/ungdomsarbeidar.

Ungdomsklubben i Sund har dei siste åra utvikla seg til å bli ein rein konfirmantklubb. Hausten 2025 blei det gjort eit forsøk med å starte denne opp igjen for ungdom over konfirmantalder, men det var lite respons. Klubben har derfor for tida pause.

Samarbeid med skule og barnehage

Kyrkja i Sund har eit godt samarbeid med både skulane og barnehagane i soknet. Dette ser vi særleg i desember! I løpet av tre veker i desember var alle barne-skulane og avdelingar frå alle barnehagane innom i si kyrkje. Dei eldste i barnehagane blir inviterte til krybbevandring, der vi vandrar gjennom ulike stasjonar i juleevangeliet. Vi hadde ni slike samlingar, med til saman 124 barn. Skulane blir inviterte til kvar sin skulegudsteneste. Dette var flotte gudstenester med fin julestemning. Til saman var det 657 barn (+ lærarar) på desse gudstenestene.



Trusopplæringiltak

I oktober 2025 starta vi opp det vi håpar skal bli ein fast tradisjon i soknet. På hausttakkefestgudstenesta i oktober var det «Myldregudsteneste». Ei myldregudsteneste er ei familiegudsteneste som er laga på barns premisser. Her er det større fokus på leik og aktivitet, og eit forsøk på å bruke færre ord. Planen er at det skal vere myldregudsteneste to gonger i året, på hausttakkefesten og på fastelavns-gudstenesta. Til desse gudstenestene inviterer vi alle barn frå 3-10 år, som vi har kontakinfo til.

Vi har hatt fleire gudstenester der nokre årskull har vore spesielt inviterte. I mars var det familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok i Sund kyrkje på fastelavns-søndag. Her var det 14 barn som fekk bok. I august var det Skulestartgudsteneste med utdeling av bok til 6-åringane. Her var det berre tre 6-åringar som kom. I november blei 10-åringane invitert til å komme på gudsteneste og få ein teikneseriebibel. Her var det sju 10-åringar som kom.

I november var det òg LysVaken for 12-åringane. Dette vart ei flott helg, der 12-åringane overnatta i kyrkja. Vi hadde mange ulike aktivitetar på laurdagen, som sporløp i kyrkja, grilling av marshmallows i grillhytta og gudstenesteverkstad. På søndagen deltok 12-åringane i gudstenesta med både prosesjon, song, drama og tekstlesing

Planar vidare

Eit mål for 2026 er å få eit trusopplæringsutval opp å gå. Dette er eit viktig steg for å få utvikla ein heilskapleg strategi for det vidare arbeidet for barn og unge.

Frå januar 2026 er det òg planlagt å starte opp både babysong og middag i samband med Stjernekorøvingar. I Kausland startar òg opp ein klubb for tweens/ungdom i Kyrkjelydshuset. Frå hausten 2026 vil vi prøve å starte opp leiarkurs for fjorårskonfirmantar. Vi gler oss til å sjå korleis dette arbeidet kan utvikle seg!



Årsmelding frå diakonen



Torunn N. Utvær
Diakon

Det diakonale arbeidet i Sund sokn er innhaldsrikt og variert, og under utvikling. I diakoniutvalet har vi ein prosess med refleksjon og drøfting av kva det er behov for i soknet vårt. Vi arbeider med revidering av diakoniplanen i planverktøyet "Kyrkja vår." Soknerådet har dette året oppretta eit frivilligutval som består av diakonen og tre frivillige. Vi jobbar med korleis vi

skal rekruttera og følgja opp frivillige. Det skal lagast ein frivilligplan for soknet. Både i diakoniutvalet og frivilligutvalet er vi opptekne av korleis vi kan byggja fellesskap og tilhørrelse i kyrkjelyden.

Den årlege frivilligfesten samla omlag 45 festkledd menneske ein fin dag i juni. Hein Kvalheim hadde foredrag om "Tilhørrelse og kyrkjelyden som eit fellesskap." Vi er veldig takksame for alle frivillige medarbeidarar som bruker av si tid og sine gaver i kyrkja vår. Frivilligdagane på Sartor senter gjekk fint. Fleire frå Sund sokn var engasjerte og opplevde det kjekt å stå på stand.

Betweeneklubb og Myldredag er diakonale fellesskap for barn, unge og familiar. Vi møtast til fellesskap rundt måltid, aktivitet og bibelforteljing. Vi opplever at fellesskapane er ein viktig møteplass der stadig nye kjem innom. Frivillige medarbeidarar er trufast med. I hausthalvåret har også konfirmanter bidrege her på ein positiv måte.

Strikkekafen har gjennom fleire år vore eit god fellesskap, og dei har gitt mange flotte bidrag til julemesse og vårmaknad. Våren-25 vart strikkekafen avslutta. Det var få som kom på kafeen det siste året. Alt har si tid. Det vart arrangert handarbeidsverkstad nokre gonger i løpet av våren og hausten. Inntil det er meir interesse for å samlast til handarbeid i kyrkja blir dette arbeidet sett på pause. Tusen takk til dei frivillige som har drive dette.

Nytt i vår var ein ryddeaksjon arrangert av diakoniutvalet i samarbeid med ulike lag frå Telavåg og Glesnes. Ein vårdag i mai vart det plukka boss etterfølgd av samling med pølser og kaker i kyrkjelydshuset i Kausland.

Vårmarknad i Kausland og julemesse i Sund samlar mykje folk i ulike aldrar. Det er kjekt med alle som kjem igjen år etter år. Frivillige medarbeidarar er engasjerte og gjer ein flott innsats.

Fellesskap for vaksne og eldre er verdifulle. Bøn i Kausland kyrkje og småfellesskapa held fram, og føremiddagstreffa samlar framleis ein trufast gjeng.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar og på arrangement. Felles for alle sokna er ein årleg sorgkveld og tilbod om sorggruppe for ungdom og vaksne. Diakonen i Sund har eit ekstra ansvar for oppfølging av ungdom i sorg.

Helgemessesøndag hadde vi gudsteneste med lystenning for alle som var gravlagt siste året og open

kyrkje i Kausland. Laurdagen var diakonen og frivillige på Sund senter og delte ut lys.

Diakonen har samtalar og sjelesorg på kontor, på Sundheimen og heimebesøk. Det har vore ein auke i arbeidet. Heimetenesta, kriseteamet og andre instansar i kommunen tek kontakt for samtalar. Presten og diakonen har ein til to gonger i månaden sete tilgjengeleg for samtale på Sund senter. Det er fint å vera synleg som kyrkje i nærmiljøet vårt.

Kvar månad er det ein frivillig som steikjer lappar og gir til Røde kors tunet. Før jul var vi på besøk til tunet med risgraut og julemat. I år var vi også med på juleaksjonen "Velsigna jul" som Tremorkyrkja driv saman med barneverntenesta. Dette vart ein meningsfull avslutning på året.



Årsmelding frå organisten



Marija Bernotaite
Organist

I 2025 har eg arbeidd som organist i Sund sokn i to år, og eg trivst svært godt. Det er både inspirerende og meningsfullt å få samarbeide med så mange dyktige, varme og engasjerte kollegaer. Året har vore fylt av gode musikalske opplevingar, samarbeid på tvers av alder og eit sterkt fellesskap i soknet.

Generell verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore prega av stabil aktivitet, nye songtiltak og brei deltaking frå både barn, unge og vaksne. Musikken har vore ein naturleg og samlande del av soknet sitt arbeid.

Arbeidet har omfatta:

- gudstenester
- gravferder
- vigsler
- institusjonsbesøk på Sundheimen
- konsertar
- føremiddagstreff
- salmekvelder
- korøvingar

- skule- og barnehagegudstenester
- samarbeid med lokale musikkaktørar som solistar, instrumentalistar, Sund Brass og Sund Toraderklubb

Eg har sjølv delteke aktivt i alle desse områda, og det har vore givande å sjå kor mykje musikken betyr for menneske i ulike livssituasjonar.

Viktige hendingar i 2025

- Sommarkonsert – ein fin avslutning av sommaren
- Felles Øygarden kyrkjemusikar-konsert – eit inspirerende samarbeid på tvers av sokn
- HalloVenn-konsert med ungdomsmusikarar og Stjernekor
- Fire salmekvelder – nye møteplassar som samla songglade vaksne
- Vi syng jula inn – tradisjonsrik og stemningsfull førjulssamling
- Open kyrkje – rom for ro, musikk og ettertanke
- Utegudsteneste på Tyssøy – ei oppleving prega av natur, fellesskap og musikk

Sund Brass og Sund Toraderklubb har i tillegg medverka på fleire gudstenester og skapt stor glede med sine musikalske bidrag.





Stjernekor

Stjernekorret øver annankvar tysdag i Sund kyrkje.

- Dirigent: Hanne Kathrine Boga
- Støtte: Organist og frivillige
- Medlemmer: Ein gledeleg vekst med fleire nye barn

Koret har delteke på fleire gudstenester og arrangement gjennom året:

- gudstenester i vår- og haustsemesteret
- HalloVenn-konserten
- Vi syng jula inn

Stjernekorret er ei viktig inngangsport til musikk for barn i soknet, og engasjementet deira skaper liv, glede og varme i gudstenestene.

Salmekvelder og forsangerkor

Hausten 2025 starta soknet opp både salmekvelder og forsangerkor. Forsangerkoret deltok omtrent ein gong i månaden i gudstenester. Koret medverka og under Vi syng jula inn. Desse tiltaka har blitt gode møteplassar for songglade vaksne og har styrkt menighetssongen på ein tydeleg og merkbar måte.

Eksterne konsert

- Øysang julekonsert
- Sund Blandakor sin julekonsert
- Julekonsert med Anita Heggholmen, Roy Vorland og Veslemøy Fluge Berg
- Allehelgenskonsert med Vivian Steinsland og Øystein Steinsland

Medarbeidarane i Sund sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Lars Arne Vik	Sokneprest
Tove Olene Foss Solvang	Soknetamleiar/ administrasjonskonsulent
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Torunn Nateland Utvær	Diakon
Marija Bernottaite	Organist/ungdomsarbeidar
Mari Hatlelid Nausheller	Helgekyrkjetenar
Levi Jung	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskap Sund sokneråd 2025

Sund sokneråd har i 2025 hatt eit samla meirforbruk på kr 49.719. Samla inntekter utgjer kr 864.007 medan samla utgifter er på kr 913.726. Meirforbruket er dekkja av disposisjonsfond.

Sund sokneråd har i 2025 brukt kr 121.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

Til Av-utstyr i kyrkjene er det i 2025 brukt kr 167.562.

Offer innsamla til eiga verksemd utgjer kr 54.854 i 2025. Offer til andre utgjorde kr 102.962 og er utbetalt til ein rekke formål i 2025. I fast gjevarteneste er det samla inn kr 46.325 til generelt kyrkjelydsarbeid og kr 53.425 til barne- og ungdomsarbeid.

Gåver frå andre utgjer kr 40.941 i 2025, av dette kr 21.841 til barne- og ungdomsarbeid.

Inntektene på Julemessa utgjorde kr 126.686 i 2025. Utgiftene på Julemessa utgjorde kr 14.463. Overskotet knytt til Julemesse skal brukast til kyrkjelydsarbeid.

Sund sokneråd samla inn kr 84.861 på vårmarknaden i 2025. Utgiftene knytt til vårmarknaden utgjorde kr 19.345. Overskotet skal brukast til kyrkjelydsarbeid.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2025.

Båta utanfor Sund kyrkje fekk to lysande figurar til jul, dei skulle forestille Josef og Maria.

